



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 443/47 - Toska - garasje oppføring - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 20.11.2020. Saka gjeld søknad om oppføring av garasje på gnr. 443 bnr. 47, Toska. Garasjen har eit bygd areal på 48 m² og skal plasserast på nyleg godkjend frådelt tilleggsareal til gnr. 443 bnr. 47. I vedtaket om frådelling vart det lagt til grunn at arealet skulle nyttast til parkering.

Arealet ligg på LNF-område i kommuneplanen for Radøy og i strandsona.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Garasjen skal plasserast på nyleg frådelt tilleggsareal. Slik vi oppfattar vedtaket om frådelling vart det her vurdert frådelling til parkering og ikkje frådelling for garasje. Fylkesmannen si vurdering er difor at kommunen ikkje kan leggje vesentleg vekt på at arealet nyleg vart frådelt som tilleggsareal.

Kommunen må særleg vurderer om den omsøkte garasjen vil påverke landskapet eller auke privatiseringa av området.

Vi kan i utgangspunktet ikkje sjå at det eit stort behov for garasje for fritidsbustader, verken generelt eller i denne saka. Vi kan heller ikkje sjå at det ligg føre nokon særlege grunner i denne saka, som gjer at den skil seg ifrå andre liknande sakar. Vi er difor uroa for at ei dispensasjon i denne saka kan føre til uheldige presedensverknader i liknande saker i kommunen.

Fylkesmannen ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.



Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN